



NVE Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar
Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale til høyring av søknad om uttak av vatn frå Kvasseheimsåna til jordvatning, Hå

På bakgrunn av kjente allmenne miljøinteresser i Kvasseheimsåna, rår Fylkesmannen i frå at det blir gitt konsesjon til uttak av vatn frå Kvasseheimsåna til vatning av landbruksareal utan eit minstevassføringskrav. Minstevassføringskravet må kunne overhaldast av grunneigarar langs vassdraget samla sett. Uttak som ikkje gir negative konsekvensar for elvemuslingen og anna akvatisk miljø kan akseptierast.

Vi viser til oversending av brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 13.05.19, der dykk ber om uttale til søknad om uttak av vatn frå Kvasseheimsåna i Hå til jordvatning.

Bakgrunn

Grunneigar Laurits Stokkeland ønsker å nytte vatn frå Kvasseheimsåna i Hå kommune til jordvatning. Han ønsker å setje inn ei pumpe på inntil 55kW, noko som tilseier eit vassuttak på om lag 95m³ i timen. I samband med tiltaket vil det bli satt opp eit pumpehus på om lag 15 m². Det må leggjast ned rundt 1750 meter med røyr med ein diameter på 160 mm. I tillegg vil det bli lagt ut eit røyr 350 mm i diameter i elva med direkte tilførsel inn til kum i pumpehuset. Stokkeland viser til at det i dag blir tatt ut vatn ved bruk av ei mobil pumpe til vatning av grønsaker.

Fylkesmannen si vurdering

Omsynet til landbruket

Fylkesmannen har ikkje inngåande kjennskap til det konkrete behovet for vatn til jordvatning i området. Jordressurskart frå NIBIO viser at jordbruksareala i området er samansett med tørkesterk og -svak jord. Hovudsakleg gir jordressurskartet inntrykk av at jorda i området har høgt sandinnhald



som kan gi indikasjonar på at jorda held dårleg på vatn. Vi vil her vise til at søkjar og kommunen som lokal landbruksmyndigheit har betre føresetnader for å kommentere jordeigenskapane i området. Ut over dette er søkjar ein viktig produsent av gulrot i regional og nasjonal samanheng. Vi meiner det er positivt at landbruksnæringa òg tar eige ansvar for å tilpasse si produksjon til klimaendringar, kor òg periodar med samanhengande tørke slik som sommaren 2018 kan førekomme. Dette er òg positivt ut i frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv med omsyn til sjølvforsyning og bruk av statlege erstatningsordningar for avlingssvikt som følgje av klima. Ut i frå desse omsyna har vi ikkje vesentlege merknadar til at det blir gitt konsesjon til uttak av vatn frå Kvassheimsåna.

Omsynet til miljøverdiane i Kvassheimsåna

Vassuttaket er på lakseførande del av Kvassheimsåna. Vassdraget har svært høg tettleik av laks, med ein tettleik av eldre lakseungar i perioden 2009-2017 på 71.6 ± 36.5 individ/100m²¹. Fylkesmannen har gitt tilskot til habitatkartlegging av vassdraget i 2019, mellom anna for å få eit oversyn over fordelinga av gyte- og oppvekstområde for fisk. Den raudlista elvemuslingen finst òg i vassdraget. I 2018 gjennomførte Ecofact ei kartlegging av elvemuslingbestanden i Kvassheimsåna (sjå vedlegg). Det er ifølgje rapporten registrert 82 levande individ av elvemusling på stasjon 3. Stasjonen sluttar omtrent der grunneigar ønsker at pumpehuset skal plasserast. Nedstraums ønska vassuttak vart det funne til saman 12 levande individ av elvemusling. Det er i rapporten vist til at dette området er stilleflytande, med enkelte djupe parti. Her er det mykje sedimentering av partiklar og begroing på botnen. Kjerneområdet for elvemusling er ifølgje Ecofact oppstraums eigedom 105/31 mellom stasjon 4-8. Her er det til saman funne 3346 individ. Gamle elvemuslingar dominerer bestanden, med minste musling målt til 6,5 cm. Dette tyder på sviktande rekruttering og ei forgubbing av bestanden.

Elvemuslingen er sårbar for tilslamming, noko som det kjem fram av kartlegginga at områda nedstraums vassuttaket ber preg av. Mindre vassføring vil føre til enda lågare hastigheit på vatnet, og følgjeleg auka sedimentering. Sedimentering av finpartiklar innimellom botnsubstratet fører til manglande oksygen- og næringstilførsel, slik at yngre individ som ligg nedgravne i botnen døyr. Auka vassuttak som følgje av ein meir effektiv metode for uttak, er derfor etter vår miljøfaglege vurdering ikkje tilrådeleg i dette området.

I tørre periodar der uttak av vatn frå vassdraget vil vere aktuelt, er det òg som oftast kritiske tilhøve for det akvatisk miljøet i vassdraget. Omfanget av vassuttaket slik det nå ligg føre, vil etter vår vurdering kunne føre til skade og ulempe for allmenne miljøinteresser av slik betydning at det oppstår konsesjonsplikt.

Grunneigar sin rett til å ta ut vatn må etter Fylkesmannen si vurdering sjåast i samanheng med vassressurslova § 10. Ved uttak av vatn skal *minst den alminnelige lavvannføring være tilbake*, jf. første ledd første punktum. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om dette er tilfellet ved låge vassføringar i dei nedre delane av Kvassheimsåna, sett i samanheng med det samla vassuttaket frå omkringliggande grunneigarar. Dersom det blir gitt konsesjon, må det derfor etter vår vurdering stillast vilkår om ei minstevassføring som tar omsyn til den raudlista elvemuslingen. Minstevassføringskravet må kunne overhaldast av grunneigarane samla sett. Det må stillast vilkår om etablering av måleinnetningar som sikrar at ein enkelt kan følgje med på om alminneleg lågvassføring blir halde ved lag.

¹ Enge, E. 2018. Fiskeundersøkelser i Rogaland 2017 (prosjektrapport, oppdragsgiver: Fylkesmannen i Rogaland)



Konklusjon

På bakgrunn av kjente allmenne miljøinteresser i Kvassheimsåna, når Fylkesmannen i frå at det blir gitt konsesjon til uttak av vatn frå Kvassheimsåna til vatning av landbruksareal utan eit minstevassføringskrav. Minstevassføringskravet må kunne overhaldast av grunneigarar langs vassdraget samla sett. Uttak som ikkje gir negative konsekvensar for elvemuslingen og anna akvatisk miljø kan akseptrast.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Annette Fosså
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1 Vedlegg - Ecofact rapport 633, Kartlegging av elvemusling i Kvassheimsåna, Hå

Kopi til:

Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger